
Ellen Kristvik

Den prostituerte

***D**ette skal handle om eit brennbart tema. Prostitusjon er eit emne som fort vekker sterke kjensler. Assosiasjonane og posisjonane melder seg kvikt. Ferdigstilte bilde ligg for dei fleste klar på netthinna, og særtrekk og kontekst blir knappast gjenstand for spørsmål. Kva er det med dette temaet som utløyser så raskt inntatte posisjonar, og gir så lite rom for undring? I eit forsøk på å rokke ved det fastlåste, byrjar eg med nokre refleksjonar kring ei hending i Oslo frå nokre år tilbake.*

Den fjerde januar 1995 vart ei trettini år gamal kvinne funnen drepen i Oslo. Det var mora og søstera som fann den døde, i inngangen til hennar eigen bustad, like innanfor den ulåste døra. Det let til at ho hadde vore død i fleire dagar.

To dagar seinare dekte nyheitene om den døde kvinna førstesida i Dagbladet. Rapporten var dominert av ein spesiell informasjon: denne kvinna hadde tilbode seksuelle tenester mot betaling. Karakteriseringa av henne som «luksusprostituert», i feitt skrift øvst på sida, vart forsterka av eit foto saksa frå eit blad der ho hadde avertert etter kundar: biletet viste kvinna halvnaken, i svarte lærstøvlar. Den eine handa hennar var løfta framfor andletet, slik at ansiktstrekka var løynde. Heile namnet hennar var derimot offentleggjort. Adressa og alderen sto på prent. Eit anna bilete inne i avisa synte inngangen til bygninga der ho budde.

Denne rapporten vekte ein storm av reaksjonar som mangla sidestykke i avisa si moderne historie (*Journalisten*, 12. januar 1995). Redaksjonen vart overfløymd av brev og oppringingar frå opprørte lesarar. Den lokale presten der kvinna hadde budd oppfordra til boikott av avisa. Ein annan nabo, politikaren og stortingsmannen Erik Solheim, sende ei skriftleg klage til Pressens Faglige Utvalg. Redaktørane si fagforeining erklærte at tilliten deira til leiinga var øydelagt. Hovudredaktøren var under press om å trekkje seg.

Artikkelen var eit brot på grunnleggjande etiske prinsipp, som til dømes kravet om å vere sakleg og vise menneskelege omsyn, respekt for ein persons identitet og privatliv, og omsyn til måten omtalen av ulukker og kriminelle handlingar kan gå ut over offeret og dei sørgjande. Stor uro vart uttrykt på vegner av det verjelause offeret og hennar nærmaste. Og det med god grunn. Men kan dette omsynet i seg sjølv forklare omfanget og intensiteten til denne stormen av reaksjonar? Som laussalsavis var sensasjonelle oppslag del av identiteten til denne avisa lenge før denne hendinga. Kva gjer denne saka så spesiell?

Skal ein forstå denne dynamikken, må ein få tak på tydinga av eit kritisk forhold: nærværet av skam og vanære midt i ein omkrins av normalitet og respektabilitet. Bygninga som vart synt fram som heimen til den avdøde kvinna låg i eit vanleg nabolag som gjekk for å vere ordentleg og respektabelt. Delar av kunderegisteret vart stole frå bustaden. Men det som var att, let til å innehalde namna på to velkjende personar frå underhaldningsverda, ein velrenommert politiker og fleire politimenn, som tilsynelatande hadde vore på jobb då dei først hadde kome til bustaden. Eksponeringa av den avlidne kvinna vedkom ikkje berre henne sjølv eller hennar nærmaste.

Det er mange sider ved denne forteljinga som ropar på ein kommentar. Temperaturen på debatten som følgde er ein indikasjon på den ladde karakteren til det emnet det handla om. Kva er det som er på spel her? Dette er tilsynelatande ei historie om lyst. Om attrå som får velsituerte menn til å ta store riskar. Det er ei historie om vald. Om drapet på ei kvinne, og gjennomføringa av ei fornedrande offentlig eksponering som eit ytterlegare overgrep.

Og dette er ei historie om skam. Smittsam skam. Kor stor del av det presset som vart utøvd mot avisa kom frå folk som anten visste at dei var oppførte i det beslaglagde kunderegisteret, eller frykta at dei var det? Kor mykje av merksemda skuldast forvitenskap frå andre folk med omsyn til dette: iveren etter å ta greie på kven i all verda som kunne finnast i registeret? Kor mykje av uroa til naboane skuldast ei kjensle av å dele skamma, som ein konsekvens av det å bu på same territorium?

Stigmatiserande merkelappar

Denne saka illustrerer den makta som kan liggje i kategoriar. Ho viser kor naudsynte, viktige og farlege dei er. Inga skildring er mogleg utan bruk av kategoriar. Bruken av merkelappar og generaliseringar er i seg sjølv ikkje til å unngå, sjølv om dei spesifikke kategoriane som er plukka ut og gjort bruk av i ein gitt situasjon kan skiftast ut. Verda kjem ikkje til oss som ein ferdig pakke. Med hjelp av kategoriar kan vi få innført ein viss grad av orden i omgivnadene våre, grunnleggjande som dei er for evna vår til å orientere oss i ei verd som elles blir overveldande kaotisk. Slik ei namngjeving er del av ein prosess for å skilje og kjenne att impulsar og inntrykk som identifiserbare fenomen. Kulturelt funderte som dei er, kan kategoriane vi brukar alltid utfordrast, endrast og skiftast ut. Og dei vala vi gjer, har konsekvensar. Kategoriar har funksjonar. Og dei reflekterer ikkje berre verda. Dei endrar henne.

«Luksusprostituert» var opningsordet i den omtalte avisartikkelen. Den merkelappen er meir enn ei likefram skildring av ein aktivitet. Det er ein merkelapp som fungerer som ein konstituerande faktor for alle mellom-menneskelege møte han opptrer i. Han har, i språkbruken til Erving Goffman, ein sterkt diskrediterande effekt. Prostitusjonsmerkelappen fungerer som eit stigma – eit signal om ein person ein skal halde seg borte frå. Særleg i det offentlege rommet.

Omgrepet stigma viser til eit devaluerande forhold. Slik Goffman seier det, er den stigmatiserte personen «reduert i medvitet vårt frå ein heil og vanleg person til ein som er utskjemd, vraka» (Goffman 1963: 12). Dette ryddar vegen for eit mangfald av overgrep. I tilfellet ovanfor er avisa si oppheving av etablerte prinsipp for varsemd og menneskeleg omsyn i samsvar med stigma-omgrepet. Prostitusjonskategorien skaper avstand. Medan ei kvinne som er myrda i eigen heim elles vil vekkje sympati og verke som ei påminning om kor utsette vi alle er, legg prostitusjonsmerkelappen til rette for distansering og framandgjerding. Den prostituerte er Annleis. Lagnaden hennar treng ikkje affisere vanlege kvinner. Vanlege reglar for respekt blir ugyldige (Goffman 1956). Behovet for å kunne skjule seg er ein viktig konsekvens av stigmatisering. Men det er også eit grunnleggjande menneskeleg behov. Denne trongen vart fullstendig ignoreret.

«Prostituert» er eit diskrediterande ord i seg sjølv. Det peikar på eit moralsk avvik, eit brot på kulturelle normer. «Luksusprostituert» har ein ytterlegare stigmatiserende effekt. Regelrett naud, der prostitusjon blir eit middel til å overleve og ein føresetnad for å møte grunnleggjande behov, fungerer som formildande omstende. På eit slikt grunnlag blir ei inntektskjelde av det slaget lettare tolerert. Men kategorien luksusprostituert utelet det alternativet. Det som står att er ein uakseptabel svikt i høve til føreskrivne reglar om åtferd og framferd.

Den prostituerte og loverket

I kva grad verka den stigmatiserte identiteten til kvinna inn på den juridiske prosessen som utspann seg etter at ho var død? Kjæraften til kvinna vart tidleg skulda for brotsverket. Han vart frigjeven etter ti månader. Saka vart lagt bort og har aldri blitt oppklart. I samband med eit dødsfall som gir grunn til mistanke om ei kriminell handling er det ikkje uvanleg at partnaren til ei avliden kvinne blir arrestert. Dette er høgst vanleg, og er eit tiltak med empirisk grunnlag: Svært mange av dei kvinnene som blir myrda i skandinaviske land blir drepne av partnarane sine, ektemenn eller kjærastar. I dette tilfellet var der inga domsavseiing etter arrestasjonen, korkje av mannen som opphavleg vart skulda for brotsverket eller av nokon annan mistenkt i saka.

Eit urovekkjande spørsmål som blir verande etter dette, gjeld det moglege sambandet mellom ei eventuell granskingsforsømming og kvinna sin identitet som prostituert. Dersom det finst noko slikt samband, kjem dette som endå ein konsekvens av ein stigmatisert identitet, i tillegg til pressa sitt brot med eigne prinsipp. Blir ei sak som gjeld ei degradert kvinne lettare lagd bort? No må det seiast at andre kriminalsaker, inkludert mord, blir lagd bort av politiet i Oslo. Viktig bevismateriale blir ignorert i andre saker også. Det som likevel blir ståande som eit slåande faktum er det at den veldige fokuseringa på dette mordet ikkje dreidde seg om identifiseringa av gjerningsmannen, men om offerets identitet som prostituert.

Eg går vidare til eit tilfelle frå nabolandet Sverige. Prostitusjon blir langt frå likt forstått og handtert i alle lovgjevingar. I og med den einsidige kriminaliseringa av kunden, er den svenske lova eksepsjonell. Men diskrimineringa av den prostituerte kvinna er djupt forankra også her. Krenkinga og fornedringa av ei prostituert kvinne er ei hovudsak i Hanna Olsson si skildring av lagnaden til ei svensk kvinne som selde seksuelle tenester. Den maltrakterte kroppen til Catrine da Costa vart funnen, kunnig dissekert, fordelt i svarte plastposar sommaren 1984. To legar vart dømde for dissekeringa, men frifunne for drap – på grunn av mangel på bevis. Retten fann det ikkje bevist at vanlagnaden til Catrine da Costa ikkje hadde andre grunnar (som forgifting, ulukke, sjølv-mord eller sjukdom). Domarane var

ikkje i tvil om at dei to tiltalte mennene hadde stått for sjølve dissekeringa, men dømde dei likevel ikkje for mord.

Skilnaden i sosial status mellom legane og den prostituerte er neppe irrelevant. Maktrelasjonane som spelar seg ut her, syner seg i kommentaren til ein kriminolog som utspelte seg i ein radiodebatt i samband med saka. I eit forsvar for dei to legane understreka kriminologen den spesielle kategorien til offeret – dersom, som han sa, denne lemlesta kvinna skulle kallast eit offer – sidan ho var prostituert og stoffavhengig. «Dersom det hadde vore eit anna offer, til dømes ein slektning av dei som er tiltala for dette brotsverket, då ville eg vere tvungen, frå ein kriminologisk ståstad, til å vurdere det annleis. Personar som har same bakgrunn som denne kvinna, dei utset seg sjølve for ein stor risk» (Olsson 1990: 113).

Medan identiteten til kvinna som prostituert vart gjort relevant, vart identiteten til ein av legane som kunde, ikkje berre til Catrine, men til mange fleire gateprostituerte, ikkje det. Trass i rikeleg bevismateriale knytta til dette, neglisjerte aktor denne informasjonen då han forhørde mannen. På spørsmål om dette i ettertid, forklarte han: «Eg ville ikkje sverte mannen.» Eller *smutskasta*, som han sa det på svensk. Kvifor denne motviljen? Dette er ei stygg sak, og det er aktor si oppgåve å gjere dette tydeleg. Men det er som ein spesiell slags solidaritet tek over, anten denne er basert på kjønn eller status, eller ein kombinasjon av dei begge. Vi er dermed tilbake til temaet smittsam skam.

Olssons dokumentasjon av denne rettssaka vart publisert i 1990. Ni år seinare vart den svenske lovgjevinga endra, og kjøp av seksuelle tenester vart kriminalisert. Hadde Olsson si bok noko å seie for denne utviklinga? Det kan godt vere. Effekten av den nye lovgjevinga på velferda til medsøstre til Catrine er likevel ei komplisert sak. At utfallet har vore positivt, sett frå deira synsstad, er langt frå opplagt. Prostitusjonen er blitt mindre synleg. Men mykje tyder på at den heller har gått under jorda enn å ha opphørt. For kvinnene i bransjen tyder dette større isolasjon og høgare risk.

Det humanitære prosjektet som Olsson har kome med står like fullt ved lag, gjennom den sindige og nøkterne skildringa av hendingsgangen etter funnet av to svarte plastposar, til minne om ei kvinne med nære relasjonar, ein person og eit individ.

Franske mødre i ei kyrkje

Førestellinga om kategorisk skilnad er grunnleggjande for prostitusjonsomgrepet og ryddar vegen for vald – og orsakinga av denne. Eg skal ta for meg eit fransk døme som illustrerer dette ytterlegare. Likevel gir dette dømet høve til ein viss optimisme, for her kjem ein motstand også tydeleg fram. Neglisjeringa frå politiet i samband med ei rekke mord på prostituerte i Lyon var den konkrete bakgrunnen for ei imponerande mobilisering av lokale

sexarbeidarar. I staden for å bruke ressursane på etterforskning av dei morda som alt var utførte, og vern av dei kvinnene som kjende seg trua på livet, svarte politiet på denne krisa med ytterlegare trakassering av kvinnene, i form av timebøter og stadige arrestasjonar. Dette førte etter kvart til ein streik av prostituerte (a hookers' strike) – som skal vere den første i sitt slag (Jaget 1980).

Kvinnene søkte ly i ei kyrkje – det moralske senteret i lokalsamfunnet – og kravde at folk som var opptekne av moral tok eit standpunkt i saka. «Vi snakkar til dykk som mødre», var opninga på deira første «brev til folket». På utsida av kyrkja hengde dei opp banneret sitt: «Barna våre vil ikkje ha mødrene sine i fengsel.» Dette forsøket på å vinne støtte viste seg å vere effektivt. Andre aktivistar som kom på banen seinare, tok til orde for innføringa av ein ny terminologi, der ordet prostituert vart skifta ut med sexarbeidar (Leigh 1997). Slik gjorde dei klart at sal av seksuelle tenester ikkje kan reduserast til eit spørsmål om avvik frå normer for sømmeleg kvinneleg åtferd, men må sjåast som ei form for transaksjon eller industriverksemd som går føre seg og spelar seg ut på ein større marknad med eit mangfald av agentar. Tilbodet frå kvinnene svarer til ein etterspurnad.

I motsetnad til desse aksjonistane gjorde ikkje dei franske kvinnene i den okkuperte katedralen noko forsøk på å skifte ut det vanlege uttrykket for sysselsetjinga deira. Det Franske Kollektivet av Prostituerte, som vart stifta i samband med aksjonane i Lyon, heldt på den gamle terminologien. Men likskapen til andre kvinne- og feministkollektiv som vart skipa på denne tida, gir nye konnotasjonar. Dei gjer eit anna aktivt grep med hjelp av ein annan kategori når dei kallar seg mødre og får merksemd på dette grunnlaget. Ved dette utfordrar dei den etablerte avstanden mellom dei sjølve og «vanlege» kvinner. Det er ikkje tvil om at dei lukkast.

Kategoriar, distinksjonar og prototypar

Når vi snakkar om prostitusjon, dreier det seg om ein vanærande kategori, ein kategori med alvorlege konsekvensar for dei som blir identifiserte med han. Men spørsmålet om kven som skal bli inkludert innanfor avgrensingane til slik ei sams nemning, er ikkje utan vidare enkelt. Avgrensings-metaforen kjem frå ein klassisk definisjon av ein kategori; førestellinga om ein abstrakt behaldar basert på ein tanke om sams eigenskapar, ein behaldar som ting anten vil passe inn i eller ikkje, og som ulike element såleis greitt kan sorterast i forhold til. Grunnlaget for kategoriar er ei førestelling om distinksjonar, det står ved lag. Men når det gjeld prostitusjonskategorien, er distinksjonane flytande.

Det sentrale spørsmålet er ikkje kvifor nokre individ blir prostituerte eller kundar, men korleis dei kjem til å bli definerte på den måten. Margaretha Järvinen (1993: 24ff) har utdjupe dette. Ho har teke for seg fem punkt som har

gått igjen i litteraturen som kriterium for å definere kva prostitusjon er for noko: kommersialitet, promiskuitet, manglande selektivitet, kort tidslengd og emosjonell likesæle. Ho meiner at dette knippet med kriterium ikkje er brukbart som grunnlag for å skilje ut prostitusjon frå andre seksuelle relasjonar, på noko definitivt vis. Den økonomiske faktoren står til slutt som det einaste stabile karaktertrekket, men det er altfor relativt og utilstrekkeleg for å gjelde som grunnlag for ein klar definisjon i seg sjølv. Når det materielle vederlaget blir einaste kriterium, er det svært mange ekteskap som fell inn under definisjonen, noko som også kjem fram i uttrykket «brødhorer». Järvinen slår fast at ein skulle sjå desse særtrekka ved prostitusjon som variablar heller enn definitive kategoriar. Ulike kvinner kan på dette viset bli plasserte langs eit kontinuum, der punkta rangerast i forhold til kvarandre.

Prostitusjonsomgrepet har kraftige konnotasjonar, men er påfallande vagt når det kjem til definisjonar. Dette er i og for seg eit typisk trekk ved kategoriar: Tanken om faste og stabile avgrensingar kring det fenomenet ein kategori prøver å fange inn, er ei forelda førestelling (Lakoff 1987). Folk eller fenomen kan klassifiserast inn under ein merkelapp i forhold til eit organiserande prinsipp om prototypar, med «beste døme» i kjernen av kategorien, og meir obskure døme i utkanten.

Kategoriar tener eit formål. Dei er funksjonelle hjelpemiddel, ikkje absolutte storleikar. Utan kontekst og eit medvit om den posisjonen han er brukt ut ifrå, gir prostitusjonskategorien lite innsikt. Det er ein merkelapp som kan heftast til kvinner i svært ulike situasjonar. Alt etter omstenda kan eikvar kvinne bli stempla som prostituert. Og eikvar påføring av merkelapp blir gjort som del av eit større bilete og ei vidare analyse. Der finst ingen uskuldig ståstad i eit representasjonsforetak.

Prostitusjon, tvitydnad og ureinskap

Med omsyn til det norske tilfellet eg starta med, var framstillinga av den avlidne kvinna på førstesida av avisa prototypisk nok. Sjølvpresentasjonen hennar, utstilt ved det forstørra biletet av hennar eiga annonse, viste ei blanding av tilsøring og ekshibisjonisme som så openbert hadde som tanke å forføre, og som samsvarer godt med populære førestellingar om den prostituerte. Men dette inntrykket står i skarp kontrast til annan informasjon om denne kvinna.

Dei som kjende henne, fortalde i avisintervju om denne kvinna som ein omsorgsperson, varm og omtenkjam. Ho var kunstinteressert og dreiv ein kafé med galleri i nærleiken av der ho budde. Naboane hennar fortalde at ho var den første til å gjere blomsterkassene i stand om våren. Ho var glad i mosjon og friluftsliv, og kunne gå lange turar i marka. Ho gjekk for å vere i fysisk bra form, var svært sterk og hadde imponert vennar ved å symje over Oslofjorden. Dette stemmer dårleg med det typiske omdømmet av den

prostituerte. Saman med biletet av inngangen til ein vanleg bygning i eit vanleg nabolag og nyheita om funnet av kunderegisteret med namnet på fleire kjende personar, plasserte det den stigmatiserte kvinna i ein høgst normal kontekst.

Dette inneber ei kategori-motsetning, noko som gir heile tilfellet ein svært tvtydig karakter. Mary Douglas' arbeid om tvtydnad (ambiguity) og ureinskap kan hjelpe til å forklare den emosjonelle intensiteten det vekte. Tvtydnad, slik Douglas ser det, refererer til semiotisk forstyrrende situasjonar og element som vanskeleg let seg plassere i etablerte kategoriar. Åtferd som gjeld ureinskap er på denne måten nært knytta til situasjonar der ein semiotisk orden er utfordra: «eikvar hending som kan forvirre eller motseie høgt verdsette kategoriar» (1968: 340). Stoff på avveggar (matter out of place), seier Douglas, idet ho låner eit uttrykk av Lord Chesterfield, har ein tendens til å bli sett på som skit, assosiert med fysiske reaksjonar som avsky, aversjon og avvising, og med tilsvarende forbod og reglar om å halde seg unna som sørgjer for å redusere dissonansen. Men alle former for tvtydnad eller kategorisk uorden er ikkje like opprørande. Det som er mest oppskakande, og det som utløyser dei strengaste forboda, er det som er knytta til ulovlege freistingar. Slik er ting som kan etast, eller gi fysisk glede på anna vis, mellom dei som oftast er knytt til tabu-forskrifter og reglar om å halde seg unna.

Som Douglas har peika på, di meir intens reaksjonen mot anomalien er, di sterkare er indikasjonen på at djuptliggjande og verdsette kategoriar er truga. Slike kategoriar er berebjelkar i fundamenteringa av ein moralsk orden, og ein basis for kontrollen av overskridande åtferd. Innsatsen som blir gjort for å overhalde slike reglar og demonstrasjonane av avsky når dei blir brotne, tek vare på ein stabilitet av kulturelle normer og verdjar. Gjennom å gje uttrykk for slike reaksjonar får folk også høve til å etablere seg som eit moralsk fellesskap.

I dette perspektivet blir avsløringa av nærværet til den prostituerte midt i eit etablert familiemiljø noko som smittar over på heile nabolaget. Skamma som klistrar seg til den prostituerte spreier seg og påverkar dei som kjem nær henne. Kampanjar mot lokale massasjeinstitutt kan også bli sett i samband med dette. I første halvdel av 1990-åra gjekk prostitusjonsmarknaden i Oslo igjennom ein sterk ekspansjon. Medan den tidlegare hovudsakleg hadde vore gatebasert, flytta no deler av marknaden innandørs, til ulike massasjeinstitutt (Skilbrei 2001). Dette førte til massive protestar frå indignerte naboar. Men korkje sal eller kjøp av seksuelle tenester var forbodne etter norsk lov. Og sjølv om dei hadde ein base i etablerte parlørar, var dei fleste kvinnene sjølvstendig næringsdrivande når det gjaldt seksuelle tenester. Dei dreiv anten staden i lag, eller arbeidde under ein eigar som tok ein viss prosent av fortienesta på massasjen, ikkje andre tenester. Forbodet mot hallikverksemd kunne derfor ikkje bli brukt mot desse etablissementa.

Medan desse kampanjene gjekk føre seg, skjedde det ei kategorijustering. Lova vart endra, slik at definisjonen på ein hallik kom til å omfatte hus-

eigarar som leigde ut til prostitusjon. Talet på massasjeinstitutt gjekk ned. Innandørs prostitusjon vart verande og flørte også etter dette, men spreidd i isolerte husvære. Dette medførte mindre tryggleik for dei som arbeidde frå ein slik base, som kvinna i det første tilfellet vi tok for oss. Men for nabolaget var det meir diskre.

Ein kommentar til ettertanke

Nokre setningar vi høyrer gir etterklang i sinnet lenge etter at dei er uttalt, som verknaden av eit fortetta meiningsuttrykk. Slik var det med ein kommentar frå ein mann eg møtte under eit feltarbeid om prostituerte kvinner i Nepal. Ei kvinne i Kathmandu hadde kome i krangel med dei mennene som hadde kjøpt henne for natta. Då morgonen kom, nekta dei å betale den avtalte prisen. Då kvinna ikkje gav seg, tende ein av mennene ein sigarett og kasta den brennande fyrstikken på henne før dei gjekk. Nylonstoffet i kleda til kvinna tok fort fyr, og ho sto snart i lys loge. Ho døydde seinare av brannskadane, men ein engasjert journalist som høyrde om saka, oppspora den hardt skadde kvinna og fekk møtt henne medan ho enno levde. Eg trefte ikkje jenta, men vart kjend med journalisten og fekk historia frå han. Etter å ha fortalt meg kva som hende, la han til: «Eg trur ikkje at den jenta var prostituert. For meg verka ho som ei enkel landsbyjente.»

Denne mannen prøvde ikkje å nekte for at kvinna hadde gått inn i forhandlingar med tre menn om prisen for seksuelt tilgjenge, før ho var saman med dei den natta. Men for meg syntest det som at journalisten, for å legitimere at han hadde latt seg involvere og vist sympati for denne kvinna, måtte unngå å setje henne i same kategori som andre kvinner som får inntekta si på denne måten. Som om skilnaden mellom den meininga han assosierte med det ordet, og røynsla han fekk i møtet med den verkelege kvinna, var for stor.

Slik det vil vere for alle, hadde denne nepalske journalisten eit sett av ferdigsydde meiningar om den kategorien det var snakk om. Når desse kolliderte med hans eiga røynsle, kunne han gjere eitt av to. Han kunne anten halde den eksisterande tankestrukturen intakt, og i så fall måtte redefinere situasjonen og flytte individet som ikkje passa til forventingane frå den aktuelle kategorien, slik som han hadde definert denne. Som eit alternativ til dette kunne han la konfrontasjonen med den verkelege jenta føre til ei modifisering av det førestellingsknippet han tidlegare gjekk ut ifrå og la henne influere på forståinga hans, ikkje berre av henne som eit eksepsjonelt individ, men av kategorien i seg sjølv.

Ved å gå inn for den første løysinga følgde journalisten eit typisk mønster for menneskeleg åtferd: det som går ut på å verne eit eksisterande skjema av førestellingar frå å bli angripne. Kjentes denne mentale operasjonen naudsynt for å unngå at skamma og ureinkapsen som knytter seg til

prostitusjonsmerkelappen, skulle smitte over på han? I så fall er vi tilbake til temaet om smittsam skam. Var fornekinga av den kategorien som relevant for denne konkrete kvinna, slik han oppfatta det, eit vilkår for å oppnå sosial aksept og respekt frå medborgarane hans?

Når så mykje er sagt, meiner eg ikkje å underkjenne det denne mannen faktisk hadde gjort. Ved å møte kvinna bak den stigmatiserte merkelappen og portrettere henne som ei kvinne det er mogleg å identifisere seg med, var han med på å rive ned barrierar, i kontrast til den framandgjerande framstillinga til dei norske kollegaene hans i opningstilfellet. Til liks med Hanna Olsson si insistering på å skildre Catrine da Costa som eit unikt individ heller enn eit anonymt kasus, er det eit humaniseringsprosjekt i seg sjølv.

Bruk av kategoriar medfører alltid ei form for generalisering som går ut over formidlinga av eigenart og partikularitet. Men visse kategoriar er meir dominerande enn andre, og gjer derfor forståinga av det partikulære meir vanskeleg. Det er ei antropologisk oppgåve å avdekkje og demaskere den oppkonstruerte karakteren til kategoriar som absolutte og naturgjevne, og utfordre dei rigide avgrensingane som kan vere trekte kring visse fenomen for å gjere dei attkjennande. Avgrensingar er naudsynte. Merkelappar og. Men vi er best tente med eit medvit om kor arbitrære og vilkårlege dei er. Og same kva kategoriar vi gjer bruk av, skulle vi leggje vinn på å finne nemningar som gjer oss vakne for det som *ikkje* blir fanga inn av dei merkelappane vi brukar. Det som ikkje kjem med i skildringa vår.

Litteratur

- Douglas, Mary: *Purity and danger. An analysis of the concepts of pollution and taboo*, Ark Publications, London og New York 1984 [1966]
- Douglas, Mary: «Pollution» i *Encyclopedia of social sciences*, 1968, s. 336–342
- Goffman, Erving: *Stigma. Notes on the management of spoiled identity*, Penguin Books, Harmondsworth 1970 [1963]
- Goffman, Erving: «On deference and demeanor» i *American Anthropologist*, nr. 58, 1956, s. 473–502
- Hastrup, Kirsten: *A passage to anthropology. Between experience and theory*, Routledge, New York 1995
- Jaget, Claude (red.): *Prostitutes. Our life*, omsett av Anna Furse, Suzie Fleming og Ruth Hall, Falling Wall Press, Bristol 1980
- Järvinen, Margaretha: *Of vice and women: Shades of prostitution*, omsett av Karen Leander, Scandinavian University Press (Scandinavian Studies in Criminology, Vol. 13), Oslo 1993
- Kristvik, Ellen: *Nepali sex workers. Narratives of violence and agency*, avhandling for dr.polit.-graden i sosialantropologi, Universitetet i Oslo 2002
- Lakoff, George: *Women, fire and dangerous things. What categories reveal about the mind*, The University of Chicago Press, Chicago 1987
- Leigh, Carol (aka Scarlot Harlot): «Inventing sex work» i *Whores and other feminists*, redigert av Jill Nagle, Routledge, New York 1997, s. 225–231
- Olsson, Hanna: *Catrine och rättvisan*, Carlssons, Stockholm 1990
- Skilbrei, May-Len: «The rise and fall of Norwegian massage parlours: Changes in the Norwegian prostitution setting in the 1990's» i *Feminist Review*, nr. 67, 2001, s. 63–77